

## **– Reknestykka stemmer ikkje**

### BILETTEKST:

*– Folk kan røyste utan vere redde for store inntektskutt. Det er berre skremsel for å innbille folk at det går gale dersom vi ikkje slår oss saman, hevdar varaordførar i Hareid kommune, Kristian Fuglseth. Han slår fast at der ikkje er grunnlag for å talfeste slike kutt som styresmaktene har trua med. – Vi fekk servert eit kutt på 3,6 millionar dersom Hareid heldt fram som eiga kommune, men Kommunenes Sentralforbund (KS) understrekar no at tala berre er ei usikker prognose. Inntekta blir mest truleg om lag som før.*

### INGRESS:

**– Overgangsordninga sikrar kommunane mot uføresette tap på meir enn 300 kroner per innbyggjar. Ordninga er vidareført i H, FrP og V sin avtale, og gjer det dermed umogleg å kutte inntekta slik dei trugar med. Det er som å spa ein aksjekurs. Mange faktorar spelar inn. Trugsmål om kutt for å presse fram kommunesamanslåingar er berre spekulasjonar, slår varaordførar Kristian Fuglseth fast.**

### BRØDTEKST:

Det nærmar seg folkerøysting, og styresmaktene sine varsla inntektskutt for dei kommunane som held fram áleine har skapt hovudbry for lokalpolitikarane. Spørsmålet er om kutt i kommunale inntekter vil tvinge fram samanslåing, eller om alternativet er å kutte i eigne tilbod dersom ein står áleine.

– Folk må røyste på det som sikrar tilboda der dei bur, og retten til å bestemme sjølv, oppmodar Fuglseth og avviser trugsmål om kutt i inntekta for kommunar som held fram áleine.

### **Stortinget avgjer**

– Dersom folk røyster for sjølvråderett, har Stortinget si handsaming gjort det krystallklart at det skal respekterast, forklarar varaordføraren. Ein ting er at dei presenterte kutta er feil, men om det så hadde vore noko i det – kan ikkje Regjeringa bruke dette som brekkstang for samanslåing fordi Stortinget ikkje aksepterer det.

Fuglseth viser til frivilliglinja frå innstillinga til Stortinget i fjar og ordlyden "reell frivillighet for de kommunene som deltar i sammenslåingsprosesser," og garantien frå opposisjonen om at dersom kommunane skal lide økonomisk eller annan tvang ved samanslåing, vert dette omgjort ved første høve.

## **KS stadfestar feil**

- For det første er ikkje forslaget om inntektskutt brukt i rett samanheng, det har eg fatt stadfesta av KS denne veka. Dei slår fast at 3,6 mill. berre er eit augeblikksbilete teke heilt ut av samanheng og presentert som reine kutt. Dette blir utjamna av fleire faktorar, mellom anna overgangsordninga, forklarar Fuglseth.
- Vi er trua med kutt i inntekta, men det er ikkje grunnlag for å talfeste slike kutt som styresmaktene har trua med, seier varaordførar Kristian Fuglseth. For Hareid sin del vil overgangsordninga áleine slå inn med kompensasjon ved 1,5 millionar – og dette er ikkje meir enn feilmarginen på pensjonskostnadene våre.

## **Tilboda er viktigast**

- *Så du meiner vi ikkje skal vurdere kommuneøkonomien?*
- Ja, men der er ingenting å hente på samanslåing. No skal folk ta stilling til den største endringa i det norske demokratiet på hundre år, og så vert trugsmål om ureelle kutt den store saka? – Nei, då har vi vorte lurte.
- Det er ikkje noko å tene på samanslåing, det har den blå-blå regjeringa sagt sjølv. Effektivisering skal eventuelt kome gjennom å samle fagmiljøa og slik få meir kvalitet, men det kan ingen bevise.
- *Men korleis kan kommunen garantere eit fagleg forsvarleg tilbod ved å stå áleine?*
- Den einaste garantien for at tilboda våre eksisterer i framtida, er at Hareid kommune held fram å drive dei, hevdar varaordføraren. Det er naivt å tru noko anna.

## **Åtvarar mot samanslåing**

- Folk må ikkje tru på Ole Brumm-pratet. Det blir ikkje ja, takk, begge deler. Tilboda i dei nedlagde kommunane vert effektivisert vekk. Det har skjedd i Sæbø, Vanylven og mange andre kommunar – og det vil kjøtvekta sørge for dersom innbyggjarane ikkje får sjanse til å passe på skulen, sjukeheimen eller biblioteket der dei bur, átvarar Fuglseth.
- Og tilboden er ikkje meir fagleg forsvarleg dit det vert flytta, seier han og viser til at små kommunar oftast skorar betre på kvalitet enn dei store.
- *Så du garanterer tilboda sjølv om ein røyster for Hareid som eiga kommune?*
- Det blir i alle fall ikkje store kutt i inntekta dersom ein held fram som eiga kommune, seier Fuglseth, og meiner at det er større sjanse for kutt i tilboda dersom ein faktisk røyster for å legge ned kommunen. – Det er kommunen sjølv som sikrar tilboda der dei er. Det er ikkje sikkert ei ny kommune ser dei same verdiane.